

Styringsgruppemøte for utviklingsprosjektet rehabilitering i Møre og Romsdal

Møtereftrat 5/20

14.09.2020

Kl 14-16 (skype)

Tilstade: x

Medlemmar

Vara \*(for kommunale representantar)

x	Britt Rakvåg Roald, ROR , Ass.kommunedirektør Molde kommune		Alf Reistad, ROR, Dagleg leiar
x	Geir Nielsen, Orkidè, Einingsleiar Helse- og familietenester Aure kommune		
x	Rune Sjurgard, SR, kommunedirektør Volda kommune		Jørgen Amdam, SR, ordførar Volda kommune
x	Camilla Almås, SR, Verksemdsleiar for førebygging og meistring Ålesund kommune		Lisbeth Løvoll, SR, ergoterapeut, leiar ny Ålesund kommune
x	Helge Ristesund, HMR spesialrådgivar		
x	Jorun Bøyum, HMR Klinikksjef Klinikk for Kreft og Rehabilitering		
x	Lena Bjørge Waage, HMR samhandlingssjef		
x	Tore Jo Nilsen, HMN seniorrådgivar		

Styringsgruppemøte for utviklingsprosjektet rehabilitering i Møre og Romsdal

x	Inger Nossen Sandvik, brukarrepresentant		
	Hilde Marie Kleiven, brukarrepresentant		
x	Birgitte Ulstein Kvangarsnes, HMR tillitsvald		
x	Synnøve Opsahl Melseth, HMR prosjektleiar arbeidsgruppe 1		
x	Fredrik Møller –Christensen HMR, leiar arbeidsgruppe 2		

**Agenda;**

- Velkommen og innleiing v/ Rune Sjurgard
- Status høyring og oppsummering av høyringsinnspel v/ Synnøve Opsahl Melseth
- Innstilling fra styringsgruppen
- ev

Sak	Aktuelt/ Aksjonspunkt
<b>Velkommen og innleiing</b>	Rune Sjurgard ønska velkommen til møte og viste til saklista med kort oppsummering av høyringa og utsendt utkast innstilling som grunnlag for diskusjon i møte.
<b>Status høyring og oppsummering av høyringsinnspel</b>	Synnøve Opsahl Melseth orienterte om høyringa og ga ei kort oppsummering av innspela som er kome. Det er kome inn totalt 35 høyringsinnspel. Sjå vedlagt presentasjon og for detaljert oversikt viser ein til høyringsinnspela <a href="#">her</a> .
<b>Innstilling frå styringsgruppa</b>	I forkant av møtet var det sendt ut eit utkast til innstilling som grunnlag for diskusjon og vurdering i møtet;  <i>1. Styringsgruppa ser at rammene for arbeidet har vore utfordrande med omsyn til avsett tid og utfordringane med koronasituasjonen. Styringsgruppa vil gi prosjektleiarane og arbeidsgruppene ros for stor innsats og godt arbeid.</i>

2. *Med bakgrunn i høyringssvara konstaterer styringsgruppa at resultatet vidare vert at ein held fram med dagens organisering og oppgåvedeling, med ei todeling av ansvar og drift i kommunal og spesialisthelsetenesta sin regi. Styringsgruppa vil rå kommunane til å etablere eigne rehabiliteringsavdelingar, enten i eigen regi eller interkommunalt for å få tilstrekkeleg fagleg miljø. Det må verte opp til den enkelte kommune ev kommunar i samarbeid om ein vil gjere dette, og ev korleis.*
3. *Styringsgruppa foreslår at det blir etablert eit fagleg samarbeidsutval (fagråd) for rehabilitering i forbindelse med revidering av samarbeidsavtalen. Oppgåver kan mellom anna vere vidareutvikling av dagens pasientforløp som er skildra i rapporten.*

I møtet vart innstillinga vurdert og ein kom fram til følgjande justering som vart lagt fram for avstemming;

1. Styringsgruppa ser at rammene for arbeidet har vore utfordrande med omsyn til avsett tid og utfordringane med koronasituasjonen. Styringsgruppa vil gi prosjektleiarane og arbeidsgruppene ros for stor innsats og godt arbeid.
2. *Med bakgrunn i høyringssvara konstaterer styringsgruppa at resultatet vidare vert at ein held fram med dagens organisering og oppgåvedeling, med ei todeling av ansvar og drift i kommunal og spesialisthelsetenesta sin regi. Styringsgruppa vil rå kommunane til å etablere eigne rehabiliteringsavdelingar, enten i eigen regi eller interkommunalt for å få tilstrekkeleg fagleg miljø. Det må verte opp til den enkelte kommune ev kommunar i samarbeid om ein vil gjere dette, og ev korleis, herunder også med andre partar som Helse Møre og Romsdal HF.*
3. Styringsgruppa tilrår at det blir etablert eit fagleg samarbeidsutval (fagråd) for rehabilitering i forbindelse med revidering av samarbeidsavtalen. Oppgåver kan mellom anna vere vidareutvikling av dagens pasientforløp som er skildra i rapporten.
4. Rett teneste til rett tid og på rett nivå er viktig for å ha gode heilskaplege tenesteforløp også innanfor rehabilitering. Dette bør ha fokus i samarbeidet mellom helsenivåa og bør sikrast på best mogleg måte i

## Styringsgruppemøte for utviklingsprosjektet rehabilitering i Møre og Romsdal

	<p>samhandlingsavtalen mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal HF (HMR). Det er viktig at HMR gir tilstrekkeleg tilbod for å dekkje det framtidige behovet for døgnbasert spesialisert rehabilitering og at HMR i denne samanheng tek vare på kompetansemiljø der dette i dag både i Nordmøre, Romsdal og på Sunnmøre fungerer godt og har grunnlag for å vidareutviklast.</p> <p>Avstemming av innstilling med 10 av 11 representantar til stades av styringsgruppa.</p> <p>Punkt 1: 10 stemmer for. Punkt 2: 9 stemmer for, 1 stemme mot. Punkt 3: 10 stemmer for. Punkt 4: 9 stemmer for, 1 stemme mot.</p>
<b>Avslutning</b>	<p>Ein avslutta møtet med å takke leiar for prosjektgruppa for arbeidet som er lagt ned i rapporten. Ein takka for samarbeidet i styringsgruppa og avslutta møtet.</p>